



VINJE KOMMUNE  
Vinjevegen 192  
3890 VINJE

**Seksjon Samfunn og plan**

Vår dato: 12.03.2026  
Deres dato: 04.03.2026  
Vår referanse: 26/04811-2  
Deres referanse: 2024/3069-13  
Vår saksbehandlar: Hanne Birte Hulløen

## **Uttale til endring etter enklare prosess (pbl § 12-14) av reguleringsplan for Hovdeli del 4 - planID 20200009 - Vinje kommune**

Telemark fylkeskommune viser til oversending datert 4. mars 2026 om endring av reguleringsplanen for Hovdeli del 4 i Vinje kommune. Frist for uttalen er sett til 27. mars 2026.

### **Formålet med og bakgrunnen til planarbeidet**

Formålet med endringa er mellom anna å endre tomtegrenser mot grøntareal, og supplere føresegnene knytt til utnytting, takteking, solceller, ljosforureining, myr og våtmark.

Vinje kommune vurderer at endringa ikkje går ut over hovuddrammene i planen og heller ikkje rører ved omsynet til viktige natur- og friluftsområde. Saka er derfor sendt på høyring som ei endring etter enklare prosess slik plan- og bygningslova § 12-14 gir moglegheit for.

Vinje kommune tilrår førebels endringa.

### **Rollene og ansvaret til fylkeskommunen**

Telemark fylkeskommune har fått planendringa til uttale etter plan- og bygningslova § 12-14.

Fylkeskommunen skal bidra til at nasjonale og regionale føringar blir følgt opp i alt planarbeid. Vi har ei rolle som regional utviklingsaktør, planstyresmakt og planfagleg rettleiar. Uttalen frå fylkeskommunen blir gitt med grunnlag i mål, prinsipp og tilrådingar, slik dei er nedfelte i overordna nasjonale og regionale styringsdokument.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Vestfold og Telemark fylkeskommune inngjekk ein samarbeidsavtale 13. januar 2021. Avtalen inneber at fylkeskommunen varetek interessene til barn og unge i reguleringsplanar, også på vegner av Statsforvaltaren. Avtalen avgrensar ikkje Statsforvaltarens tilgang til å fremje motsegn. Denne samarbeidsavtalen blir inntil vidare vidareført mellom Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Telemark fylkeskommune.

### **Vurderinga frå fylkeskommunen**

Telemark fylkeskommune finn at endringa ikkje rører ved dei regionale og nasjonale interessene vi er sette til å vareta, og har ingen kommentarar til planendringa.

Med helsing

Tor Arne Hellkås  
seksjonsleiar  
Samfunn og plan

Hanne Birte Hulløen  
plankoordinator  
hanne.birte.hulloen@telemarkfylke.no

*Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes utan signatur.*

Mottakere:  
VINJE KOMMUNE

Kopi til:  
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK  
STATENS VEGVESEN